

# Vespaen stikk ikkje

Har du høyrte ein Vespa, den populære tohjulingen, komme summande imot deg? Lyden kan kanskje oppfattast som illevarslande, men Vespaen stikk heldigvis ikkje. Det er nok helst berre lyden som gav inspirasjon til namnet på Vespaen.

Vespa er det italienske namnet for veps. På tysk er det Wespe, på engelsk er det wasp. Men på norsk er det først og fremst veps. Her ser det altså ut til at s og p har bytt plass i norsk. Dette fenomenet kallar vi metatese (lydomstilling), og det er ikkje utvanleg at lydar byter plass i ord som vi også har i naboSpråk. Tenk t.d. på gammalnorsk hross (hest) og tysk Ross, som er horse på engelsk, bokmål kors, som er kross på nynorsk eller cross på engelsk og Kreuz på tysk, eller også norsk bris-te/breste, som er burst på engelsk og bersten på tysk. Det er derimot ikkje alltid så lett å vite kva språk som har endra seg. Med vespa i svensk, Wespe i tysk og wasp i engelsk skulle ein tru at det er den norske forma veps som har endra seg frå den opphavlege forma. Men det ser faktisk ut til at det er i dei andre språka lydomsstillinga har skjedd. Div si etymologiske ordbok for tysk reknar med at det er påverknaden frå latin vespa som har ført til at fleire av dei germanske språka endra lydrekkefølga.

I eldre tysk og engelsk fanst gjerne formene med ps/sp og fs/sf ved sida av kvarande i tidlegare tider. Overgangen frå p til f var svært vanleg i germansk, samanlikn t.d. italiensk pesce mot norsk/tysk/engelsk fisk/Fisch/fish. Falk & Torp reknar i si etymologiske ordbok med at dei germanske formene som ligg til grunn for ordet veps, er \*wabisa- og \*wafsa-. Den indogermanske rota reknar ein med er \*webh, som vi finn i norsk veve eller tysk weben. Namnet på vepsen viser altså til måten den lagar (vever) bolet sitt på.

Danskan skriv hevps med hv. Dette må vere ein analogi, dvs. at ein byrja å skrive veps med hv fordi liknande ord som t.d. hva, hvor, hvem blir skrivne med hv. Denne analogien, altså kopieringa av eit fenomen, skjedd ikkje berre i skrift i norsk. I mange dialektar seier ein t.d. kveps, og nynorsk har også forma kvets som ei offisiell skriftform. Andre dialektar har kveks og kvaks (eventuelt med -e), som er forvanskningar av det same ordet. Men svært mange norske dialektar har altså ei form med kv.

No veit vi korleis vepsen/kvetsen kom til sitt namn. Men slår ein opp på vespa i ei svensk ordbok, finn ein ordet geting, og på norsk har vi også ordet getihans (dansk gedehans). På gammalnorsk var det tilsvarande ordet getungr. Her trur Falk og Torp at ein har gjeve vepsen namn etter følehornna som kan likne på geita sine horn. Tilsvarande har ein tysk Hornisse og engelsk hornet. Ellias Wessén forbind ordet geting i si etymologiske ordbok for svensk med ei opphavleg tyding "spiss", og meiner då at getingen (eller getihansen) er "djuret med den lilla gadden", dvs. spissen eller brodden. Denne forklaringa er nok litt søkt, men den fungerer godt som folke-etymologi.

I år har det regna så mykje at ein ikkje har sett mykje til verken veps eller Vespa. Det freista nok ikkje så mykje å stikke ut(e) denne sommaren.

JENS HAUGAN

# Med "klimakutt" på hjernen

For det første: Hvem er denne Thomas Cottis som sykler rundt til kommuner i Hedmark og Oppland som en misjonær for sitt "klimakutt"-budskap og deretter får framføre budskapet sitt for miljøvernavdelingen hos Fylkesmannen - med begge "begivenheter" behørig dekket i lokalpressen?

For det andre: "Klimakutt", hva er nå det? Hva er det som skal kuttes? Er det temperaturen, nedbøren, vinden eller andre klimafaktorer? Han burde kalle aksjonen sin noe ganske annet enn "Federe for klimakutt". "Federe for klimafanatisme" ville etter min mening vært en mer presis betegnelse, men jeg har vel neppe forslagsrett....

For det tredje: Cottis demonstrerer et klassisk eksempel på sammenblanding av begrepene klima og miljø når han uttaler at "Kommunene og fylkeskommunene må sette klimaret på dagsorden, da blir også miljøspørsmål viktigere for folk flest". Slike utsagn er egnet til å svekke oppmerksomheten for den viktige miljøaksen, Cottis! Klimaret er definert som den gjennomsnittlige tilstand av værforholdene på et sted, vesentlig bestemt av breddegraden, avstand fra havet og lokale topografiske

forhold. Miljøet er de omgivelser eller ytre forhold som mennesker, dyr og planter lever under. Ikke akkurat synonyme begreper (selv om store klimaendringer til en viss grad kan påvirke enkelte miljøfaktorer)!

Cottis ble etter eget utsagn veldig godt mottatt over alt. Naturligvis, ansatte i kommuner og fylkeskommuner er da høflige! Jeg er ikke i tvil om at også jeg, med Klimarealistenes faktahefter om klimaendringer, ville blitt godt mottatt av de samme. Om de vil lytte mer til meg enn til Cottis, er en annen sak. Gjør de det, legger de miljøplaner øverst i bunken og eventuelle kommunale og fylkeskommunale klimaplaner i makuleringsmaskinen. Med

verdens beste samvittighet.

"Far ba for klimaet" var overskriften på siste del av Cottis-føljetongen i Østlendingen (25.08). Som farfar ber jeg derimot for en snarlig slutt på resurssløsningen på unyttige klimatiltak. Bruk heller resursene på tiltak som kan gi våre barn og barnebarn en god framtid uten "klimakutt" på hjernen. La oss lære dem at det er naturen, ikke menneskene, som styrer jordens klima.

TROND VINESTAD  
Farfar og Klimarealist